



Telemarkskanalen:  
**FOREVER UNTIL THE END**

Forstudie Telemarkskanalen regionalpark 2014



TELEMARK



FESTE



## Kanalen

Ingen andre kanalanelegg jeg har sett,  
har så rent vann, så uberørte bredder  
og så mange stillferdige lyder av rennende,  
plaskende vann.  
Det blir nok aldri mer bygget kanaler i Norge.  
Det er for sent. Dette er en tid som ikke tåler kanaltempoet.  
Og, som sagt, Kanal-byggerne er borte.  
De forsvant fra Jordens overflate.  
Sånn som andre eventyrlige vesener  
forsvant av uforklarlige grunner.  
Men Telemarkskanalen er der.  
Den er der. Et langt, vått spor etter en utdødd dyreart.  
Telemarkskanalen er et av minnene vi har  
om en tid da man hadde sans for båter,  
vann, stillhet og langsomhet i landet.

Måtte hun forbli her til evig tid.

*av Odd Børretzen*

## PROSJEKTINFO

**Oppdragsgjevar:** Telemarkskanalen regionalpark

**Oppdrag:** Forstudien skal kartlegge korleis bruk av kunst, arkitektur og bruk av ljøs kan nyttast som verkemiddel innafor eit heilskapleg konsept, for å gjera kvalitetar i landskapet og innhald i attraksjonsklyngene synleg. Korleis kan stopp-effekt og posisjonering i marknaden styrkast gjennom tiltak som "veks ut av" stadkarakter og motiv. Arbeidet bygger på landskapsanalyse som vart avslutta i mars 2014.

**Forstudien omfattar:** alle kanalkommunane.

**Tidsperiode:** 15.06 - 01.12.2014

**Rapporten er utarbeidd av:** Feste Landskap (Feste Grenland as).


**Prosess og tekst:** Tone Telnes og Gunn Marit Christenson


**Illustrasjonar:** David Fjågesund




# Innhold

Innleiing	08
Bakgrunn for forstudien	08
Mål	09
Posisjonering og strategi	09
Attraksjonsklyngene og lokal økonomi	12
Fredinga av Bandakkanalen	12
Industrihistorie og Verdsarv	12
Internasjonalisering	13
Parkane og hagekunsten som forteljing	13
Arbeidsmetode og kunstnarleg plattform	14
Prosesskjema	16
Skien	18
Sauherad	24
Notodden	32
Ulefoss	42
Kviteseid	50
Dalen	56
Organisering	64
Framdrift	65
Økonomi	66
Kjelder	69
Kontaktpersonar	70







## Innleiing

Telemarkskanalen ligg som eit langt vått spor gjennom Telemark; frå kyst til fjellheim. Norsjø-Skienkanalen er bygd i perioden 1854-1861, medan Bandakkanalen vart opna i 1892. Telemarkskanalen var, og er, eit ekstremprosjekt. I europeiske reisehandbøker vart Bandakkanalen karakterisert som eit "verdas åttande underverk" då han sto ferdig. Utanlandske turistar strøymde hit for å sjå og oppleva landskapet, og ulike variantar av namnet Telemark opptrer i dei fleste reiseskildringar frå Noreg frå den tida. Men kva skjedde med omdømme og attraksjonskraft? Korleis kan det ha seg at både vi og dei utanlandske turistane ser ut til å ha "gløymd" denne 105 kilometer lange skattekista?

Satsinga Nasjonale turistvegar går sin sigersgang i dei glansa tidsskrifta og på nettet. Telemarkskanalen er den mest særprega turistvegen vi har her til lands og ein av dei eldste. På same måte som at kulturminnet Vindhellavegen i Lærdal i år er nominert til den prestisjefylte utmerkinga "Vakre vegers pris", bør også Telemarkskanalen løftast fram og synleggjerast på nye måtar nasjonalt og internasjonalt. Korleis kan vi gjera det på ein slik måte at minna Odd Børresen viser til får fornya kraft? Korleis skal vi vise fram både det stille, langsame og det aktive, levande knytt til dette landskapet? Vår påstand er at kanalen og samspelet med landskapet han gjeng gjennom, gjev ei heilt spesiell oppleving av å vera til stades; litt lausrive frå tid og rom.

Dette prosjektet skal bruke landskapet og forteljingane strategisk for å posisjonere Telemarkskanalen og regionalparken nasjonalt og internasjonalt.

## Bakgrunn for forstudien

Telemarkskanalen er ein viktig, veletablert og tradisjonsrik attraksjon i regionen. Men i konkurransen med andre reisemål slit ein med å få opp besøket. Både dei som bur i området, turistar og reiselivsoperatørar treng å få fornya kunnskap om kva kanalen og kanallandskapet har å by på av opplevingar og forteljingar. Telemarkskanalen regionalpark arbeider med korleis kanalen kan bli betre synleg på ein måte som fører til at folk stoppar opp og på ny tek i bruk kanalen som den attraksjonen han er.

I denne forstudien vert det kartlagt korleis kunst, arkitektur og ljøs kan brukast som verkemiddel inn i eit heilskapleg konsept, for å løfte fram attraksjonskrafta i landskapet og gjera stadane langs kanalen meir synlege. Det skal arbeidast med korleis stopp-effekt, fysisk og på nettet, og posisjonering i marknaden kan gjerast sterkare gjennom tiltak som "veks fram av staden". Denne metoden er forankra i Den europeiske landskapskonvensjonen og dannar grunnlag for den kunstnarlege plattformen prosjektet står på.

Strategi og kunstnarleg plattform for heilskap og konsept vert gjennomgått, saman med kart og illustrasjonar som syner døme på type tiltak eller verk i kvar kanalkommune. Det er lagt inn forslag til korleis det bør arbeidast ut frå ei kunstnarleg plattform, og kva internasjonale program eller prosjekt ein kan kople seg på. Forstudien foreslår også ein modell for organisering og ulike finansieringskjelder for dei ulike tiltaka. Prosjektet er delt inn i 6 delprosjekt, knytt til kvar av kommunane og med utgangspunkt

i attraksjonsklyngene. Arbeidet bygger på landskapsanalysane som er laga i regi av regionalparken hausten2013/ våren2014, og samtaler med sentrale aktørar i alle dei 6 kommunane. Forstudien skal opp til politisk handsaming før arbeidet evt. vert tatt vidare i eit forprosjekt.

Den europeiske landskapskonvensjonen ligg til grunn for arbeidet. Han peikar på at landskapet spelar ei viktig rolle av allmenn interesse på det kulturelle, økologiske, miljømessige og sosiale planet. Landskapskonvensjonen legg særleg vekt på opplevinga folk har av ein stad eller eit landskap, - ikkje bare fysiske og visuelle omgjevnadar.

Koplinga mot Verdsarvkonvensjonen og fredinga av Bandakkanalen er viktige rammer.

## Mål

Målsetjinga er at fleire skal besøke og bruke kanalen og kanallandskapet; - fleire folk med sans for å vera til stades der dei er. Med augo for oppdagingar og evne til opplevingar.

## Posisjonering og strategi


Som strategisk grep skal det arbeidast med å styrke opplevinga av og forteljinga om kanalen, ved bruk av kunst, arkitektur og ljøs. Det eksisterande og historia skal løftast fram og gjerast synleg ved å legge til noko nytt. Dette skal vera utgangspunkt for arbeidet med posisjonering av Telemarkskanalen og regionalparken nasjonalt og internasjonalt. Hovudgrepet er å binde det "nye"

saman til eit "verk", som materialiserar seg i kvar kanalkommune og som "veks" ut av staden. Dette skal arbeidast fram på ein måte som gjev stopp-effekt, reiselyst, lyst til å ta avstikkarar og til å bli verande litt lenger. Vi skal fortelje om dette kunstprosjektet, både undervegs i prosessen og etter kvart som delprosjekta står ferdig (sosiale media og presse/magasin vil vera viktige arenaer i prosessen). Dette skal utvide opplevinga av kanalen og bli ein tilleggsdimensjon til kjerneproduktet (som er kanalen). Det skal synleggjera kanalen, skape attraksjon, forsterke attraksjonsklyngene og styrke lokalt næringsgrunnlag.

Kva for ein posisjon ein skal ha/og eller ta i ein marknad, og for kven, er eit viktig strategisk val i utviklinga av opplevingsprodukt. For Telemarkskanalen og regionalparken er sjølve kanalen, landskapet den ligg i, forteljingane og kvar stad det særeigne og spesielle. Det er dette som kvalifiserer Telemarkskanalen til å ta ein nasjonal og internasjonal posisjon. Ved å operasjonalisere denne posisjonen gjennom utforming av "signal" som gjev kunden/den besøkande den "rette" oppfatninga av kva Telemarkskanalen kan by på, vil ein opparbeide kjennskapen og posisjonen til Telemarkskanalen. Dette prosjektet vil gje ein slik posisjoneringseffekt. Som ein del av posisjoneringsstrategien er det viktig å velje ut ord og omgrep vi vil at folk skal assosiere kanalen og opplevingsproduktet med. Eit assosiasjonsnettverk/ ordsky vil gje grunnlag for å arbeide presist med marknadsføring på digitale verktøy som Instagram, Twitter og Facebook.

turisme flyte  
kanallandskap Hydro mystisk  
tradisjon "so rodde dei fjordan" lokal identitet stille  
#oppdagingsreise overnatting  
sund tømmer  
kulturarv fruktlandskap jern fri  
105 km  
segn odde padle underverk  
sluse Dalen Hotel 1892  
naturoppleving vatn bål  
1861 båttur 72 m.o.h sykle kulturlandskap  
industri Victoria ferdsel brynestein vandring  
rutebåt historie  
kanalbyen





## Attraksjonsklyngene og utvikling av lokal økonomi

Kvar kommune har etablert attraksjonsklynger, som er basert på kva som er det særeigne på kvar stad. I nokre av kommunane er arbeidet med attraksjonsklyngene godt i gang. Attraksjonsklyngene er samarbeid mellom aktørar, gjerne i heile verdikjeda; frå produksjonsverksemdar, besøksverksemdar, verksemdar som driv med overnatting og mat. Aktørane og verksemdene er lokale, forvaltar lokale ressursar og skaper verdiar både på materielle og immaterielle kvalitetar lokalt.

Det vil vera av stor verdi om ein greier å vidareutvikle attraksjonsklyngene og lokal økonomi i dette prosjektet. Her vil "nye" opplevingsprodukt basert på lokale ressursar, kvalitetar og aktørar kunne vera med å gje berekraftig utvikling av stadane. Prosjektet vil ha særleg fokus på det lokale, både i utvikling, bygging og i å setje dette saman til heilskaplege produkt. Telemarkskanalen og dette prosjektet er full av kontrastar. Kontrast er den nye merkevareprofilen til Telemark, og denne vil innarbeidast i prosjektet. Dette vil vera med på å løfte fram Telemark som eit attraktivt reisemål og styrke prosjektet.

## Fredinga av Bandakkanalen

Telemarkskanalen har ein over tusen år gamal tradisjon som vassveg og transportåre. Bandakkanalen er eit viktig teknisk-industrielt kulturminne som nå er under freding. Telemark fylkeskommune sette i gang fredingssak for Bandakkanalen i 2012. Målet er å gjera forvaltninga av kanalmiljøet meir eintydig og forståeleg, og å sikre at dette kanalmiljøet

framleis kan vera viktig for kulturell verdiskaping og kjelde til gode opplevingar. Fredinga omfatta sluseanlegg med kanalen, bygningar og nærområde.

## Industrihistorie og Verdsarv

Telemarksvassdraget er utgangspunktet for Telemark sin industrihistorie, og slik også for søknaden om verdsarvstatus for industrisamfunna på Rjukan og Notodden. Forteljinga om etableringa av Norsk Hydro og vatnet som energikjelde er kjerne i søknaden. Telemarkskanalen er kanskje den mest kjende delen av Telemarksvassdraget, og som vassveg, transportåre og energikjelde har kanalen lang tradisjon. Vassvegen er utgangspunktet for brynesteinutskipinga frå Eidsborg. Tømmerfløting og sagbruk har vore leveveg for samfunna langs heile vass-strengen. Jernverket på Ulefoss, som framleis er i drift, ligg her på grunn av fossen og vatnet. Vatnet og fossane er utgangspunktet for framveksten av Skien by. Kraftverk ligg plassert nedover kanalen med dam-anlegg knytt til slusene. Samstundes var kanalen hovudveg og er framleis turistveg, frå dei indre bygdene og ned til Skien.

Notodden og Rjukan vart i 2009 presentert som kandidat område til UNESCOs verdsarvliste. Dei vart lagt til Noreg si tentative liste for verdsarv som representantar for industrihistoriske kulturminne. I 2014 vart verdsarvsøknaden ferdigstilt og overlevert til UNESCO. Svaret på søknaden er venta sommaren 2015. Verdsarvkonvensjonen er ei verdsomfattande avtale, som forpliktar partslanda til å identifisere, verne, ta vare på, formidle



og overføre til framtidige generasjonar den delen av verdsarven som måtte finnast på eige territorium. Verdsarvlista (The World Heritage List) gjev oversikt over dei objekta eller områda som på grunnlag av vitskaplege evalueringar oppfyller konvensjonen sine krav til verneverdi og forvaltning. Med verdsarv meiner ein kultur- og/eller naturarv som er av framstående universell verdi sett frå eit historisk, kunstnarleg, vitskapleg eller estetisk synspunkt.

Verdsarvkonvensjonen, som er global, og Landskapskonvensjonen, som gjeld Europa, er samanfallande i å setje fokus på å ta vare på natur- og kulturarven vår.

At vass-strengen frå Møsstrand til Rjukan og Notodden, med samanheng frå vatn som naturressurs til by-bygging og industrireiseing, nå vert søkt inn til Verdsarvlista, er viktig for å setje Telemarks-vassdraget på kartet internasjonalt! I det biletet kan forteljinga om Telemarkskanalen også koplast på. Når gjestene har kome seg til "ivistogo" (les Møsvatn og Rauland), skal dei jo ned att i ei anna av "stovene" før turen gjeng heim att. Desse stovene kan t.d. vera på Dalen hotell og kanalen kan vera vegen heimover.

### Parkane og hagekunsten som forteljing

Ei anna viktig forteljing som burde synleggjerast langs kanalen, er knytt til parkane og hagane. Her er spennet frå storslåtte parkanlegg og herregardar, til enkle kjøkkenhagar og arbeidarbustadar og -plassar, framleis synleg. Forteljinga om industrireiseinga og om korleis folk i ulike samfunnslag budde og levde, kan visast fram som ei reise gjennom parkane og hagane,

der hagekunst, arkitektur, byggeskikk og tradisjonar knytt til aktivitetar, plantebruk og dyrking står i fokus. Ei aukande interesse for hageturisme kan koplast saman med forteljingar om landskapet og industrihistoria. Som del av opplevinga av kontrastar og samanhengar i kanallandskapet knytt til natur og kultur, landskap og arkitektur, rikfolk og arbeidar, høyrer park- og hagehistoria heime.

Ein fin samanheng knytt til park/hage, er også at for alle stadane som er valde ut i kvar kommune gjennom dette forstudiet, spelar parkar ein rolle som ramme eller arena. Dette gjeld både gamle parkanlegg som kan gjerast synlege og takast i bruk på nye måtar og tilrettelegging av nye aktivitetsparkar.

### Internasjonalisering

Denne satsinga har potensiale for internasjonalt samarbeid, der ein kan ha ulike innfallsvinklar. Internasjonaliseringa kan ha desse fokusområda:

- bruk av Landskapskonvensjonen i utviklingsarbeid,
- utvikling av kanal- og vassvegar,
- utvikling av reisemål med aktiv bruk av kulturarv,
- utvikling av nettverk og kompetanse, og
- utvikling av den Europeiske meirverdien.

Prosjektet ynskjer å knyte seg på eksisterande prosjekt, og vil i løpet av forprosjektet avklare både program og prosjekt.

Frå Europarådet sitt arbeid med Landskapskonvensjonen:  
"As an essential factor of individual and communal well-being and an important part of people's quality of life, landscape contributes to human fulfilment and to the consolidation of a European identity. It also has an important public interest role in the cultural, ecological, environmental and social fields, and constitutes a resource favourable to economic activity, particularly to tourism."

## Kunstnarleg plattform og arbeidsmetode

Vassvegen som samanhengande livsnerve og kulturarv skal formidlast. Opplevinga av noko tidlaust, men samtidig levande og ekte, skal gjerast tilgjengeleg. Identiteten og det særreigne er utgangspunktet for forteljinga om staden.

Omgjevnadar og opplevingar. Sansane vi orienterar oss etter, er alle retta mot omgjevnadane våre: kva vi ser, kva vi luktar, kva vi smakar, kva vi høyrer, kva vi fysisk føler. Ballanse og stillingssans fortel oss kvar vi er i forhold til omgjevnadane. Slik blir landskapet og dei rammene ein stad gjev, avgjerande for opplevingane våre. Forteljingane, historia og kven vi møter der også.

Det skal arbeidast utifrå ei heilskapleg tenking og tverrfagleg arbeidsform, der dei lokale kvalitetane og ressursane legg rammene for utviklinga, og der Den europeiske landskapskonvensjonen er utgangspunkt for det skapande

arbeidet som skal gjerast. Grunnlaget for ein slik arbeidsmetode vart lagt hausten 2013 og våren 2014, gjennom arbeidet med landskapsanalysar i alle kommunane, på utvalde område og knytt til attraksjonsklyngene (jmfr figur side 15). I analysearbeidet kom vi fram til stadkarakter (essensen på staden), og deretter vart det formulert eit motiv (framtidsbilete/utviklingsretning) for kvar stad. Stadkarakter og motiv skal nå førast vidare og omsetjast i eit tilpassa konsept for kvar stad. Dette er tenkt vidareført i konkrete verk som skal byggast i landskapet. Ved å legge noko til, skal opplevinga av det landskapet verket står i forsterkast, stadkarakteren synleggjerast og motivet få eit sanseleg innhald. Verka skal vekse ut av stadkarakteren og peike inn i framtida.

Oppgåva handlar om å formidle utvalde identitetsberande og sanslege samanhengar mellom kanal og stad (motivet), til eit publikum som ikkje har direkte kjennskap til dette frå før. Det er derfor viktig å skape kontakt med landskapet og forteljinga om kanalen. Dette kan gjerast gjennom plassering av verka, slik at folk opplever viktige landskapstrekk gjennom måten dei nærmar seg dei ulike punkta på, og ved måten nye element vert lagt til det eksisterande på.

Arbeidet med installasjonane/verka er tenkt organisert gjennom tre tverrfaglege lag. Kvart lag får tildelt to stader. I laga vert det etterspurt fylgjande kompetanse: biletkunst, arkitektur, landskapsarkitektur, ljusdesign, industridesign. Kuratorarbeidet skal takast hand om gjennom eit tverrfagleg kuratorlag.

# Forstudie: utvikle overordna konsept med tiltak i kommunane

Overordna konsept basert på:

- Landskapskonvensjonen, stadkarakter, bærekraft og attraksjon
- Forteljingane om kanalen skal styrkast

Overordna mål:

- Auka besøk og bruk av kanallandskapet
- Synlegheit, stoppeffekt (også digitalt) og profilering



Tiltaka skal forsterke attraksjonsklyngene og stadkarakteren. Virkemiddel er formidling gjennom bruk av kunst i uterom, arkitektur og/eller ljøs. Med digital formidling. Utval av pilotar.



Motiv spring ut av stadkarakteren:  
framtidsbilete - kva vil vi skal skje?



Stadkarakter: essensen av staden  
(samanstilling av analysa)



Landskap- og stadanalyse:  
utvalg av områda er knytt til attraksjons-  
klyngene og møte mellom stad og kanal.

## Prosesskjema

For å synleggjera koplingane vi arbeider utifrå, har vi laga eit skjema der arbeidsmetode og kunstnarleg plattform vert sett saman med innhald i attraksjonsklyngene og utvikling av lokal økonomi. Dette skjemaet gjev rammer for vidare arbeid på kvar stad. Gjennom utfylling av skjemaet vert det teke ei rekke val, og funksjonar og samanhengar vert synleggjort.

## Forklaring til skjema

1\_ Fysisk landskap, med landskapstrekk og stadkarakter:

Dei fysiske rammene. Landskapstrekk skildrar overordna innhald og drag i landskapet. Stadkarakteren fortel om kva uttrykk staden har og opplevinga av han.

2\_ Mentalt landskap, med attraksjonsklynge og motiv:

Dei immaterielle verdiane knytt til staden. Kvar kommune har valt eit tema som skal vera utgangspunkt for det arbeidet dei gjer ift å gjera staden meir synleg og attraktiv. Dette er knytt til identitet og immaterielle verdiar på staden. Motivet gjev retning for utviklingsarbeidet.

3\_ Kunstuttrykk, med kunstnarleg plattform og stad:

Kva skal eit kunstnarleg arbeid springe utifrå? Kunstnarleg plattform konkretiserar kva som skal takast vidare frå fysisk- og mentalt landskap. Staden vert peika ut.

4\_ Funksjonalitet, med funksjonar og tilnærming:

Funksjonalitet fastset kva funksjon(ar) som skal løysast. Her er spesielt det sosiale vurdert i høve til funksjon og tilnærming. I tilnærminga vert det peika på korleis funksjonen skal takast hand om. Funksjon skal bygge opp under dei tre føregåande temaa.

5\_ Økonomi, med styrke næringsgrunnlaget og besøk/brukarar:

Økonomi skal peike på koplingar inn til lokal økonomi og utvikling av denne. Her skal økologiske og miljømessige omsyn vurderast i høve til å forsterke og utvikle lokale aktørar. Dette er særleg kopla til attraksjonsklyngene og viktig å ivareta. Prosjektet skal leggje til rette for utvikling av lokal, berekraftig økonomi.

6\_ Berekraft, med fotavtrykk og drift/vedlikehald:

Berekraft skal passe på at tiltaka vert utvikla på landskapet sine premissar. Her skal tiltaket vurderast i høve til fotavtrykk og drift- og vedlikehald. Her kjem tema som materialval, plassering i landskapet, fundamentering, lokal produksjon med meir inn. Dei ulike interessene må vurderast opp mot kvarandre, som igjen gjev gode berekraftige løysingar.

## Døme på skjema: Skien

FYSISK LANDSKAP	MENTALT LANDSKAP	KUNST-UTTRYKK	FUNKSJONALITET	ØKONOMI	BÆREKRAFT
LANDSKAPSTREKK ↓	TEMA/ ATTRAKSJONSKLYNGER ↓	KUNSTNERISK PLATFORM ↓	FUNKSJONAR ↓	STYRKE NÆRINGSGRUNNLAG ↓	'FOTAVTRYKK' ↓
Bykjerna med dei to vatna og fossane.	Kanalbyen	Forbindelse fysisk og historisk	Gang- og sykkelveg- koplingar	Klosterøya, PM5, DNT, Telemarkskanalen	Fremje gang og sykkel
STAD- KARAKTER ↓	MOTIV ↓	STAD ↓	TILNÆRMING ↓	BESØK/ BRUKARAR ↓	DRIFT/ VEDLIKEHALD ↓
Urbant industrilandskap	Inngang til kanalen og krysningpunkt i byen	Smiøya	Betre tilgang til vatnet og oppleving av historien	Dei som besøker kanalen og byen. Lokalbefolkning	Lokalt eigarskap

“

Skien er et lite men blomstrende sted, med en befolkning på 1.805 sjeler. Her er mange velstående familier som særlig skiller seg ut ved sin omgjengelighet. Kilden til byens velstand er handelen med utlandet, på samme måte som for Porsgrunn, som ligger lenger nede. Et anselig antall skip seiler herfra til England, eller til Middelhavet, for å drive handel med Spania og Italia. I tillegg skapes en hel del aktivitet i forbindelse med jernverkene på Fossum, Ulefoss og Bolvig, som ligger i nærheten; og enda mer av de mange sagbrukene som ligger inne i selve byen. Den mektige Skienselva, som like ovenfor byen munner ut i Norsjø med vannet i fra hele Telemark, renner i flere fosser ned til fjorden, med sagbrukene liggende nedenfor på rekke og rad. Planke- og tømmerhandelen i Skien er etter norske forhold ikke ubetydelig. Ettersom innbyggerne i Telemark for det meste kommer ned til Skien for å kjøpe korn og andre fornødenheter, bidrar dette ikke bare til at folk i byen får endene til å møtes, men også til at de kan leve komfortabelt.<sup>1</sup>

*Von Buch, tysk turist om Skien, 1810*



## SKIEN

Om du kjem frå havet, opp elva til Skien, må du leite litt etter inngangen til Telemarkskanalen. Denne inngangen som kan ta deg vidare innover. Til vatn, skog og nut. Til det stille og langsame. Til forteljingar og oppdagingar. Innover i Telemark.

To spir mot himmelen. Murbyen i bakken ned mot vatnet. Tre øyar og fire fossar. Og der; i rekka av industrifasadar, dels tomme, dels fornya, ligg der ein port av stål. Ein sluseport.

Skien sluse ligg i høgdeforskjellen mellom Bryggevatnet og Hjellevatnet. Mot nord ligg først Mølla, så bysentrumet med murbyen og kyrkja. Mot sør ligg Klosterøya med institusjonar og ny verksemd i gamle industribygg. Smieøya er ein naturleg stad å tydeleggjera møtet mellom Skien og kanalen.

Ved å leggje til rette for gang- og sykkeltrafikk frå byen, over slusa og Smieøya og vidare over Damfoss til Klosterøya, vil Skien som kanalby bli synleg.

### Konsept

Byen skal bindast betre saman med kanalen. Oppleving av kanalen, fossane og øyene som utgangspunkt for byen skal gjerast synleg. Forbindelsar fysisk og historisk er utgangspunkt for ei kunstnarleg tolking.

### Potensial for vidare utvikling:


- Smieøya som nærfriluftslivsområde og turmål – samarbeid med DNT.
- Smieøya som festivalområde – samarbeid med Smieøyafestivalen.
- Park på Smieøya og bruk av PM5.
- Kopling til grønn og blå turveg og til arbeidet med bru over elva til Langbryggene.
- Gangveg langs vatnet ved Mølla.
- Skilting og formidling.







SKIEN





HJELLEN

BOLLEFOSS

MØLLA

LANGBRYGGENE

HJELLE-BRYGGA

TOLLBODEN

LANGEFOSS/SKIEN SLUSE

PM5

SMIEØYA

DAMFOSS

GANG/SYKKELSTI

JERNBANE-BRYGGA

BRYGGEVANNET

CELLULOSEN

SPRITEN

HJELLEVANNET

KLOSTERØYA







Cellulosen

Damfoss

Dagens gangforbindelse  
til Hjellevannet

Skien sluse

← Vidare til Klosterøya

Nye forbindelsar etablerast mellom  
byen og Smieøya, og vidare til Kloster-  
øya. Gang- og sykkelstiar nede ved  
vatnet gjer Smieøya meir tilgjengeleg.

#SMIEØYA#KANALSTART





“

Desse blømeaplar eig ein draum

Nokre vakenetter om våren  
ligg eit kvitt ljøs over lendet her  
Uverkeleg ligg det og skin –  
Da spring ein draum ut  
ein eldgamal draum  
Me ville ikkje kjent  
desse morkna, gamle aplane  
ville ikkje visst deira draum  
utan å sjå

Me lever ikkje draumen  
me skuvar han framfor oss  
skriv om han  
syng om han  
Apalen lever han  
kler seg i sin draum  
stend dryssande full av han  
og openbar

Ein blømande hage i kveldskym  
er liv og draum  
verkeleg og uverkeleg  
som kvite hestar i måneljos

*av Liv Holtskog*



## SAUHERAD

Kyrkja på neset. Den vide fjorden. Gardane og frukthagane. Vatnet som renn gjennom dei to elvelandskapa. Spor etter bryggene og ro-skifta som dela reisa inn og var stoppestader og møteplassar i gamal tid. Havet stod innover dette landskapet i ei endå eldre tid, og då det trekte seg tilbake låg det att eit grøderikt lag. Fin for frukt dyrking. Derfor kom dei hit; folka som ville dyrke jorda. Og slik vart det til, gjennom generasjonar; livet i fruktlandskapet.

Sauherad er fruktbygda i Telemark. Flinke gardbrukarar og god marknadsføring har gjort bygda stadig betre synleg og kjend som det. Eplemosten, fruktutsala, Eplefesten, Kartfestivalen! Landskapet er rikt på kulturminne. Lag på lag finst dei her; spora etter dei som budde her før. Sauherad er med i pilotprosjektet Kultur- og naturreiser, som skal gjera informasjon om natur og kulturarv tilgjengeleg på smarttelefonar, nettbrett og GPS. Landskapsmålarane med Erik Werenskiold i spissen kom hit i 1880-åra. Kunstverk som "En bondebegravelse" og "Telemarksjenter" vart til i dette landskapet, fordi dei som kom hit vart inspirerte av livet her.

Korleis ta seg fram i dette landskapet på ein enkel og inspirerende måte? Korleis få ei sanseleg oppleving av vakker blomstring, av


dyrkingslandskapet, av tuna der folk lever og driv gardane sine? Svaret er på sykkel! Ved å ta i bruk dagens veg- og stinett og gjera koplingar og enkel tilrettelegging slik at desse heng saman på gode måtar, kan fruktlandskapet knytast saman på kryss og tvers, og gode opplevingar av landskapet, næringsgrunnlaget, historia og møte med folka som bur her, kan opnast og synleggjerast for fleire.

### Konsept

For at livet i fruktlandskapet skal kunne opplevast av fleire, vil vi finne og skape nye møte- og stoppestader, knytt til eit kartlagt nett av vegar og stiar der sykkelen vert tatt i bruk som framkomstmiddel. Tilrettelegging av brygger med sykkelutleige og koplinga mellom båt og sykkel, vil her vera særleg viktig.

### Potensial for vidare utvikling:

- Etablering av sykkelvegnett med grunneigaravklaringar.
- Bygging av manglande koplingar.
- Utarbeiding av sykkelkart.
- Skilting og formidling.
- Kulturlandskapsgrep.






## SAUHERAD







SYKKELNETTVERK

FRUKTBYGDAKTØRAR

POTENSIELLE  
STOPPESTADER

FESTE

0 50 100 150 200 250 300 meter



På sykkelstiane rundt om i Sauherad sitt vakre fruktlandskap finn du små stoppestader kor du kan ta deg ein velfortjent pust i bakken.

#FRUKTSTOPP







Köm med Telemarken og leig ein sykkel frå brygga. Herfrå kan du utforske det spennande fruktlandskapet på to hjul.

#SYKKELSTINETTVERK







“

5. april 1907 holdt kanaldirektør Gunnar Sætren et foredrag hvor han gikk inn for stor utvidelse av kanalen. Nye sluser måtte bygges, ikke bare ved Løveid, men også i Skien. Målet var å få faste oversjøiske ruter til Notodden, gjerne både fra London og New York<sup>3</sup>

Frå boka *Telemark i lys av vatnet* av Ø. Dalland



## NOTODDEN

Frå nordvest svingar Heddøla seg fram over elvesletta. Der inne på flata ligg stavkyrkja og bygdelandskapet i Heddal. Frå nordaust kjem Tinnåa i fossar og stryk, med kraft og kilowatt til industrireisinga. Vi hugsar framleis korleis røyken låg over byen; eit underleg signal om liv og verksemd der under den grå tåka. Nå er byen meir avventande. Tåka har letta og nede ved vatnet har Bok- og blueshuset teikna ny silhuett. Notodden er litt blues, men tek også nå nye steg mot teknologiverksemdar og Verdsarvstatus.

Byen har vakse fram i klare etappar på elvdeltaet og -terrassane; først knytt mot ein tidleg reiselivsimpuls mot Aust-Telemark frå 1860-åra, basert på kanalen som opna i 1861, jernbane, handel og lærarhøgskule. Sidan framveksten av Øvre Tinfos med treforedlingsindustrien fram mot 1900. Sjølve industribyen ved fossen vaks fram som resultat av at Tinfos Jernverk og Norsk Hydro sin kunstgjødselindustri kom til. Forteljinga om Jernverk og Verdsarv er forteljinga om industribyen Notodden.

Notodden er også Noreg si største innlandshamn, kopla til Telemarkskanalen og havet gjennom Sauheradelva. Ferda frå Notodden til New Orleans kan slik gjerast direkte frå Bok- og blueshuset med båt.

Notodden er ein stad i omdanning; på veg frå industri til noko nytt. Med på denne reisa er historia viktig som fundament og forankring. Det byen utviklar seg frå, er også det nye impulsar kan bygge på. Slik som med bluesen. Det kler Notodden så godt å ha blitt bluesby. Det heng saman med identiteten. Derfor burde også forteljinga om Notodden formidlast slik; på måtar som kler byen.

### Konsept

Kranbanane som står att ved vatnet er siste sporet etter jernverket som låg her. Dei er landemerke både fysisk og mentalt. Vi ynskjer å sjå på korleis dei kan brukast til å fortelje historia om Verdsarven og Jernverket, og korleis eit parkgrep kan forsterke denne opplevinga og koplinga til kanalen.


### Potensial for vidare utvikling:

- Bruk av temporært parkområde – samarbeid omkring dette.
- Parkutforming – temporært og varig.
- Kopling til turvegane langs vassfronten og opp langs Tinneåa.
- Skilting og formidling.
- Bruk av slippet.





## NOTODDEN





JERNVERKSPARKEN

KRANBANANE

TEMPORÆR  
OPPARBEIDING

PERMANENT  
OPPARBEIDING

BOK- OG  
BLUESHUSET

BUSS-  
STASJON

KANALBRYGGA

BÅT-  
SLIPPEN

HYDRO  
NÆRINGS-  
PARK

FESTE

50

100 meter



Ta kanoen opp kanalen og legg til ved  
dei gamle kranbanane. Herfrå kan du  
rusle gjennom parken og ta vegen  
vidare opp til sentrum.

#KANALPADLING#LEGGTIL





Kranbanane og den nye jernverks-  
parken bindast saman. Parken vert  
ein stad for lek og aktivitet for store  
og små. Ta turen nedom!

#KRANBANANE#PARKLEIK





Kranbanane kan brukast som scene for ulike arrangement, kanskje også i samband med Bluesfestivalen?

#BLUESKONSERT\_VED\_KANALEN






# # Kranbanen



## Norsk Hydro – et industrieventyr

Det var på Notodden og Rjukan at Hydro, som de første i verden, begynte produksjon av kunstgjødsel ved hjelp av Birkeland og Eydres lysbuetode. Gjennom kunstgjødselet Norgessalpeter kunne jordbruksavlingene økes mange ganger. Norsk Hydros anlegg var basert på en norsk oppfinnelse, norsk vannkraft og utenlandsk kapital.



Heddal Stavkirke  
Notodden er en by i et kupert landskap i Telemark, 20 km sørvest for Oslo. Kommunen ble etablert i 1964 og er en del av Heddalregionen.



#Kranbanen



NOTODDEN  
BLUES  
FESTIVAL

26  
YEARS  
OF  
BLUES







“

Tidlig morgenen etter gikk jeg på vakre stier i retning av det brusende fossefallet. Verket har navn etter fossen som driver hjulene. Vannet faller i en flott linje ned fra fjellet. Her har det dannet seg en slags grotte mellom fjellet og elven. Dette gjør at de smaragdfargede vannmassene blir en desto større fryd for øyet, for andre vassdrag og elver jeg har sett i Norge har ikke den nydelige lysegrønne fargen som man ser oppe i fjellene i Sveits, og i Rhinen, Donau, Rohne og de andre elvene. Man finner samme fargen i bre-is, hvilket er et kjennetegn på renheten. På samme måte forholder det seg med det lyse blå i den rene luften som omgir oss. I det jeg holder meg fast i busker og trær, stiger jeg ned til mølledammen og setter meg der og gleder meg ved synet av den herlige elven.<sup>4</sup>

*Mumsen, skildring av Ulefoss 1788*





## ULEFOSS

Ulefoss – bygd opp omkring fossen og naturressursane vatn, jern og tømmer. Jernmalmen fanst i gruvene på Fen. Tømmeret vart henta frå skogane og heiene bakanfor, i sogelandet til Anne Golid og Hølje Gonge. Kontrasten frå dei små skogplassane ved mørke tjønnar, til herregard med park og empirebygg i det fruktbare jordbrukslandskapet ved Ulefossen, er stor. Ute i verda herja Napoleon. På Ulefoss vaks rikdommen knytt til jernverk og sagbruk fram på kvar si side av fossen. Sagbruka gjekk godt og skaffa enorme rikdomar til eigarane. På jernverksida var det hierarki mellom verksarbeidarar, rikfolket og bygdefolk.

Ulefoss sin historie er klart knytt til eit klassesdelt samfunn. Her har bygdefolk og bønder, arbeidarar og rikfolk høyrd til ulike samfunnsklasser, og inndeling i herskap og tenarskap/ arbeidarklasse er synleg i korleis staden kan lesast. Aall og Cappelen rår også i dag over kvar si side av fossen. Jernverket er framleis i drift i regi av Cappelen, og på høgda over fossen tronar Ulefos hovedgaard i parken under oppsyn av familien Aall. Arbeidarbustadane på Øvre Verket er tatt i bruk som handverks- og utsalsstad, og på Lille Ulefos tilbyr nye eigarar overnatting med frukost og anna utleige i oppussa bygningar og renoverte park.


Kjerna i forteljinga om Ulefoss handlar om kontrastar; - mellom høg og låg, mellom arbeidarar og bygdefolk, industriverksemd og jordbruk. Ulefoss er også inngangen til Bandak-kanalen og samstundes eit knutepunkt mellom Verdsarv, industrihistorie og kanalen.

### Konsept

For å gje ei sterk oppleving av dei to sidene, og for å fortelje historia om staden ved fossen på ein kraftfull måte, ynskjer vi å ta folk med ut i elverommet og i kanalen. Her kan historia om Ulefoss forteljast, fossen og kanalen opplevast, jernverk og sagside synleggjerast.


### Potensial for vidare utvikling:


- Parkopplevingar på Ulefos Hovedgaard, Lille Ulefos, Holden og Øvre Verket.
- Skilting og formidling.





## ULEFOSS





ULEFOSS  
HOVEDGÅRD

SAGSIDA

KUNSTVEGG

OPPLEVINGS-  
PUNKT

ULEFOSS  
JERNVERK

SLUSA

KRØSSET

LILLE  
ULEFOSS

ØVRE  
VERKET





Kanalrommet får nytt liv. Mystiske  
bilete projiserast på Jernverksfasadane,  
medan ein på andre sida av kanalen  
kan vandre ut til opplevingspunktet.

#STARTENAVBANDAKSKANALEN





Kan gluggar i  
betongveggen  
formidle Ulefoss  
si historie?

?

Projisering på  
fasadane?

Langs kanalen går ein smal og lang  
betongsti. Kva skjuler seg heilt der  
ute på tuppen? Gå ut og ta ein kikk.

#OPPDAGING#I\_KANALEN



Vi ynskjer å ta folk med ut i kanalen og eleverommet. Her kan historia om Ulefoss forteljast, fossen og kanalen opplevast, jernverk og sagside synleggjerast.

#OPPLEVINGSPUNKT

Utsikt mot Norsjø



Enden på betongstien

“

En forelsker seg i et sted på samme måte som en forelsker seg i en kvinne. ... Vel, jeg forelsket meg i Kirkebø ved første øyekast. Jeg besøkte stedet i 1891 og ble så bergtatt av bare et lite glimt av det at jeg der og da bestemte meg for gå i land på Kirkebø og bli der så lenge jeg kunne dersom jeg noen gang skulle komme dit igjen.<sup>5</sup>

*E.J. Goodman, britisk turist om Kviteseid, 1891*





## KVITeseid

Engelskmannen E. J. Goodman vitja Kviteseid året før Bandakkanalen opna i 1892. Han skildrar opplevinga av staden vidare:

”Det er, i hvert fall for meg, en perle – et lite paradys. Alt ved stedet er i liten målestokk. Den lille landsbyen ligger ved bredden av en liten innsjø som er overskygget av lave fjell, alt sammen i harmoniske proporsjoner. Landskapet skaper en behagelig atmosfære av tilbaketrukkethet og ro. Det synes som av en annen verden, og likevel så trivelig og behagelig, for rett ved brygga står et velholdt lite hotell, en fryd for øyet, med balkong og veranda, med klatreplanter som slynger seg oppetter søylene og de hvite rene veggene, og med en liten viltvoksende hage foran som inviterer den reisende til å gå i land og prøve stedets gjestfrihet. Landsbyen er også vakker, med husene i pene klynger, ikke alene eller spreidd utover slik som andre steder, men sammen som gode og samstemte naboer. Mellom de lave fjellene er det små pass som gjør det mulig å foreta behagelige spasér- eller kjøreturer gjennom skogene til interessante og vakre steder som ifølge kartet kan nås gjennom dem. Slik var Kirkebø da jeg så det under mitt første besøk, og besøk nummer to skuffet meg ikke.”<sup>5</sup>

Kviteseidbyen ligg vend mot vatnet, ei tett husklynge midt i jordbrukslandskapet. Det er ein typisk norsk tradisjonell landbrukstettstad, tufta på marknadsplassen, i møtet mellom fjell og skog, vassveg og landeveg. Sentrum er framleis halde tett og kompakt, og «kvartalstruktur» med hagar og bakgardar gjev eit


idyllisk og småskala landsbypreg. Kulturlandskapet er kjend for sin venleik, sommarvarme, naturmangfald og idyll, og fleire av dei mest kjende klassiske norske kunstnarane har vitja staden i lengre periodar. Erik Werenskiold kom også hit på sine Telemarksreiser. Kviteseidbyen har tydelege urbane kvalitetar, der gata som startar frå brygga, dannar ryggrada for busetnaden.

### Konsept

Kopling mellom gata, brygga og vatnet skal forsterkast, og kanalen som bybyggar understrekast. Bruk av naturressursar, og då spesielt fiske knytt til forvaltning av storaurestamma, kan gjerast til ei oppleving og attraksjon også for dei som besøker Kviteseid. Tanken er å bygge ein flytande fiskeplass, plassert i aksene frå gata og ute på vatnet. Her kan besøkande eller fastbuande overnatte ute på vatnet. Når ein ynskjer det, kan ein ro inn att til brygga, levere fisken til Elisabeth på Kafé Hvidesøe og få tillaga eigenfiska middag på kaféen i Kviteseidgata. Victoria kan svinge rundt den flytande øya, og gjennom utforming og arkitektur vil dette kunne bli eit blikkfang sett frå gata og brygga.

### Potensial for vidare utvikling:

- Parkutforming
- Skilting og formidling
- Kopling til gardsrom og bakhagar
- Kopling til turveggar







KVITSEID



“Kanalen som bybygger”



MØTE-  
PLASS

LEIK /  
KUNST

KVITSEIDGATA

KVITSEID  
BRYGGE

FLYTANDE FISKEPLASS  
OG OVERNATTING



Ein flytande fiske- og overnattingsplass ute på Sundkilen legg til rette for nye opplevingar i Kviteseid sentrum, og styrkjer koblinga mellom Kviteseidgata og Telemarkskanalen.

#STORAUREN#KVITSEIDGATA

Kviteseidgata ►

Storauren ▼



“

Heldigvis hadde jeg det privilegium å glede meg over Dalen før stedet ble overfylt.<sup>6</sup>

*E.J. Goodman, skildrar Dalen som ein overfylt og “in” plass, 1896*



## DALEN

Den engelske avisa Daily Telegraph skriv om Dalen i juli 1895:

“Ved Dalen slutter rekken med innsjøer, og stedet vil snart bli et like populært senter for turisttrafikken som Odda og Stalheim. I påvente av den strålende fremtiden som venter Dalen har det for kort tid siden blitt bygget et nytt og storslått hotell, og den veldige vannkraften som finnes her, slik som overalt ellers i Norge, har blitt benyttet til å utstyre det med elektrisk lys. Omgivelsene på Dalen er nesten mer fantastiske enn ord kan beskrive. Stedet ligger i enden av en vakker dal, Botnedalen, omgitt av vegger av stupbratte fjell som er skogkledde helt til toppen, og en førsteklasses ny vei skjærer gjennom dalen, med direkte forbindelse til ruten over Haukeliseter til Suldal, på den ene siden, og til Hardanger på den andre. Dermed er det nå åpen ferdsel mellom Øst-Norge og Vestlandet, vekselvis til lands og til vanns, gjennom et landskap som knapt har sin like noe sted i Europa når det gjelder variasjon og skjønnhet.”<sup>7</sup>

Bandakfjorden og elvesletta mot dei bratte fjellsidene teiknar tverrsnittet av Dalen. Hotellet møter ein i den grønne parken i enden av vatnet. For vandraren burde opningssesongen på hotellet utvidast. For bygdefolket kunne opplevinga av det vakre og storslåtte i landskapet her, understrekast og løftast fram gjennom gode opplevingar.


### Konsept

Fjellheimen møter verda. Her er vi ved enden, eller kanskje helst ved utspringet, av kanalen. Den mektige naturen møter eit eventyrhotell og ein parkakse, og på tvers av dalen over himmelen er vasskrafta hengt opp i blanke strenger. Her, i kryssingspunktet mellom natur og kultur, mellom fjellheimen og verda, ynskjer vi å lage ein møtestad . Ein stad for kvile og refleksjon, for møte og velvære. Ein sauna skal stå her for vandraren som kjem ned frå fjellet og skal på båten, for den slitne syklisten som har tråkka seg oppover langs kanalen, for hotellgjestene som kan ta slåbroken på og rusle gjennom parken, for bygdefolket som kan arrangere saunakveldar for karar og for kvinnfolk, slik det var vanleg i dei fleste bygdelag før.

Brygga skal koplast saman med hotellet og dette punktet ved hjelp av ljøssetting av turvegen.

### Potensial for vidare utvikling:


- Parkutforming og parkaktivitetar.
- Skilting og formidling.
- Fiske – tiltak knytt til forvaltning av storaurestamma.







DALEN



“Fjellheimen møter verda”



TIL RUI

AKTIVITETS  
PARK

BÅTHAVN

DALEN  
BRYGGE

DALEN  
HOTELL

PARKAKSEN

ALTERNATIV  
PLASSERING

SAUNA

ELVELANDSKAP  
MED FISKEPLASSAR





Ein sauna for vandraren som kjem ned frå fjellet og skal på båten, for hotellgjestene som kan ta slåbroken på og rusle gjennom parken, for bygdefolket som kan arrangere saunakveldar for karar og for kvinnfolk, slik det var vanleg i dei fleste bygdelag før.

#KANALSAUNA#ISBADING!




◀ Trapp

Omkledning ▶

◀ Symje ut i Bandak





Ljossetting av turvegen uten synlege  
ljuskjelder som lyser opp sjølvveg-  
rommet, gjev ei fin oppleving av korleis  
vegen svingar seg gjennom skogen.

#UTPÅTURALDRISUR






**PE:** Telemarkskanalen regionalpark og de 6 kanalkommunene



**SG:** Styret for Telemarkskanalen regionalpark  
**PA:** Telemarkskanalen regionalpark




**PL:** Posisjonering, overordna/helhet, framdrift, økonomi, finansiering, prosjektutvikling, prosess  
**KURATORLAG:** prosessveileder/konsept, landskapsfaget/landskapskonvensjonene, kunstfaglig/arkitektur, utvikle lokal økonomi knytt til posisjonering





# FRAMDRIFT

Delprosjekt og aktiviteter	FRAMDRIFT							
	2015		2016		2017		2018	
	1-6	7-12	1-6	7-12	1-6	7-12	1-6	7-12
<b>Posisjonering/overordna</b>								
PL og prosess								
Posisjonering; Presse, sosiale media, skilt, trykksak(er) mm								
Kuratorteam								
Utlysning og utval av designlag								
<b>Delprosjekt 1: Skien</b>								
Forprosjekt bru over Damfoss og sluseport								
Innsalg og finansiering								
Detaljprosjektering								
Bygging								
<b>Delprosjekt 2: Notodden</b>								
Forprosjekt kranbanene								
Tiltaksplan på park								
Innsalg og finansiering								
Detaljprosjektering								
Bygging								
<b>Delprosjekt 3: Sauherad</b>								
Forprosjekt opplevingspunkt								
Innsalg og finansiering								
Detaljprosjektering								
Bygging								
<b>Delprosjekt 4: Ulefoss</b>								
Forprosjekt opplevingspunkt								
Innsalg og finansiering								
Detaljprosjektering								
Bygge								
<b>Delprosjekt 5: Kviteseid</b>								
Forprosjekt flytende overnatting								
Innsalg og finansiering								
Detaljprosjektering								
Bygge								
<b>Delprosjekt 6: Dalen</b>								
Forprosjekt sauna og lyssetting								
Innsalg og finansiering								
Deltaljprosjektere								
Bygge								
Felles statusmøte		x		x		x		x
Styringsgruppemøte	x		x		x		x	
Beslutningspunkt								



## Organisering

Organiseringa av prosjektet er lagt opp etter PLP modellen, med prosjekteigar, styringsgruppe, prosjektansvarleg og prosjektleiar. Den operasjonelle delen av prosjektet er lagt opp med eit kuratorlag som tek vare på heilskapen og er ein ressurs inn i kvart delprosjekt. Det er lagt opp til seks delprosjekt, med eigne lokale prosjektgrupper. Det er lagt opp til tre utøvande design- og prosjekteringslag som har to delprosjekt kvar; lag 1 har Skien og Notodden, lag 2 har Ulefoss og Sauherad og lag 3 har Kviteseid og Dalen.

Det kan gjennomførast ei open utlysning etter lag, gjerne ei internasjonal utlysning, som skal brukast aktivt inn i oppstarten av posisjoneringa. Det er her vi kan hente inn aktørar som vil gje prosjektet dei assosiasjonane vi ynskjer.



## Framdrift

## Økonomi

Økonomien i prosjektet er utarbeidd med utgangspunkt i erfaringstal, og er eit estimat ut i frå kjende faktorar på det stadiet ein er i forstudiet.

Det er utarbeidd eit budsjettestimert og forslag til finansieringsplan for eit overordna nivå som tek vare på heilskapen og aktiv posisjonering. Kvar stad har også sitt individuelle budsjettestimert. På kvar stad er det ei rekkje tiltak som kan takast med eller ut av prosjektet. Dette er viktig at skjer i samhandling med kvar kommune og dei andre involverte.

Prosjektet er planlagt inn som eit viktig bidrag i utviklinga av lokal økonomi. Samspelet med lokalmiljøet må difor utviklast på kvar stad.



## Så rodde dei fjordan

So rodde dei fjordan, so køyrde dei strondi.  
So rei' dei lidan, so vassa dei sundi

Og heggeliljune duppa i bakkan,  
Paa kyrkjegolvstiljune inn svinga stakkan'

Det var Liv og Tone, og Rannei og Gyri,  
Og Gamla paa Fjone, lett trippa fyri.

Det var Knut og Livaar, og Sveinung og Tore,  
Og buggen sin Styrkaar fraa Utigaard Jorde.

Og inn dei seg sessa paa kvaare si side,  
So lydde dei messa med' tanken ro/k vide.

Og Knut saag paa Tone, og Rannei paa Livaar,  
Og Gamla paa Fjone laut tenkje paa Styrkaar.

Daa klokka ho klemta og kvendi sukka  
Og karane kremta og ut dei seg tukka.

Og sunnan og norran dei helsa i hendan  
So rodde dei fjordan, so køyrde dei strendan.

*av Aslaug Vaa*





## Kjelder

1+2+4+5+6+7. Fjågesund, P. *Til Telemark*. Oslo: Landbruksforlaget, 2001.

3. Dalland, Ø. *Telemark - i lys av vatnet*, s. 96. Oslo: Landbruksforlaget, 2001.

## Bakgrunnsmateriale

*Telemark – i lys av vatnet*, Øystein Dalland, Landbruksforlaget 2001.

*Til Telemark. Utlendingers reiser på 1800-tallet*, Peter Fjågesund, Landbruksforlaget 2001.

*Estetisk veileder for Telemarkskanalen*, Telemark fylkeskommune, 2006.

*Ei reise langs kanalen*, masteroppgåve NTNU, David Fjågesund og Tim Larsen Kvingedal, 2014.

*Veileder, Metode for landskapsanalyse i kommuneplan*, Direktoratet for naturforvaltning og Riksantikvaren, 2011.

Den europeiske landskapskonvensjonen

Verdensarvkonvensjonen

Telemark fylkeskommune sine nettsider

## Kontaktpersonar i dei 6 kanalkommunane

Skien:	Håvard Nymoen, Marja Skotheim Folde, Guro Honningdal
Sauherad:	Peder Rekkedal, Øyvind Dag Dahle
Notodden:	Marte Berdahl
Nome:	Eva Rismo, Valentijn Van Ammers, Morten Rask Arnesen
Kviteseid:	Elisabeth Lid
Tokke:	Gunhild Austjord, Anne Midjås

## Stikkord: koplingar, hashtags, etc.

So rodde dei fjordan

Wildwise  
Canalwise

MØTET

Det store i det vesle – det vesle i det store

Local is beautiful  
Lokalt er vakkert

Oppdagelsesreise

måttehunblihertilevigtid.no  
evigtid.no  
foreveruntiltheend.no

#våttSpor  
#utdøddDyreart  
#stillhet #stille  
#langsomhet #det\_langsame  
#the\_tourist\_and\_the\_traveller

